



Naturvernforbundet i Telemark
Vetle Mules vei 16
3944 PORSGRUNN

Dykkar ref.:

Vår ref. (oppgje ved svar):
2009/6542 ARE-NP-HL
Arkivkode:
423.5/08

Dato:
17.11.2009

Sak om etablering at ATV-trase i Brattefjell - Vindeggen landskapsvernområde

Det vert vist til Hjartdal kommune sitt brev 18. september 2009 med oversending av klagesak om etablering av ATV-trase i Brattefjell – Vindeggen landskapsvernområde.

Bakgrunnen for saken

Hjartdal kommune ga i vedtak 22. januar 2007 løyve til bygging av traktorveg klasse 8 mellom Skeie og Åto i Brattefjell – Vindeggen landskapsvernområde etter verneforskrifta pkt. IV, 1.2 og 3.3. Naturvernforbundet påklaga vedtaket i brev 14. februar 2007. Kommunen oppretthaldt tidlegare vedtak i saka og sendte saka til direktoratet. Direktoratet omgjorde i vedtak 2. november 2007 kommunen sitt vedtak, slik at det ikkje blei gitt løyve til bygging av slik traktorveg på aktuell strekning. Meir utfyllande om saksgangen og dei vurderingane som blei lagt til grunn følgjer av direktoratet sitt vedtak 2. november 2007.

Tiltakshavar søker 15. mars 2008 om etablering av ATV-trase på aktuell strekning. Søknaden lyd:

”Rekstevegen(driftevegen) mellom Skeie og Åto ved Skjessvatn i Hjartdal, gror att med skog. Dette meiner vi grunneigarar bør gjerast noko med. Slik som tida har utvikla seg, så er det slutt med kløvhesten og bakmeisen. Difor meiner vi at, skal vi få fram nødvendig utstyr til sæterdrift og beiting av husdyr, må vegen ryddast og slettast, så vi kjem fram med motordreven reiskap, som firhjuls-motorsykkel(ATV). Vi som har drevet med sæterdrift innafor Skjessvatn, har streva med å frakta utstyr og varer over det regulera vatnet med båt. Dette har vorte meir vanskeleg, etter som vatnet har vorte meir hyppigare regulera om surnaren dei seinare åra. Vi får store vanskar med å få båten ut på vatnet, og likeså få koma i land i andre enden av vatnet. Difor vil vi søke om å få sletta på driftevegen så vi kunne nytte oss av sætrane og beita som ligg der inne. Veglengda er ca.3-4 km. Lang.”

Det er vidare søkt om bygging av landbruksveg på eget skjema til Statens landbruksforvaltning 27. november 2008.

Fylkesmannen i Telemark fekk saka til førehandsuttale og uttalte i brev 16. januar 2009 at det ikkje er kome til nye moment i saka. Fylkesmannen la til grunn at direktoratet si prinsipielle vurdering i førre handsaming enno gjeld, og rår klårt i frå at det vert gjeve løyve til opprusting av vegen for ATV-bruk.

Hjartdal kommune handsama saka i møte 9. juni 2009, og gav etter verneforskrifta IV, pkt. 1.2 og 3.3 løyve til opprusting av drifteveg frå Skeie til Åto. Vilkår for løyvet var at vegen skal ha ein breidde på 1,5 m til bruk for ATV eller liknande, vegarbeidet skal gjerast i samråd med kommunen og ferdiggodkjenning frå kommunen skal føreligge. Vegen skal vidare ikkje vere open for allmenn ferdsel og skal stengjast med bom. Det er også satt som vilkår at vegen berre skal nyttast i samband med jordbruk og skogsbruk i området. I saksframstillinga går det fram at følgjande vurdering er gjort:

”Hjartdal kommune ser det slik at den endring i vegstandard som det er snakk om i denne søknaden, gjer at ein kan vurdere saka annleis. Fylkesmannen gav ei positiv uttale i forhold til den førre søknaden. Vi er noko forundra over at dei no er negative. Hjartdal kommune oppfattar ikkje Direktoratet sine vurderingar som prinsipielle, men som vurderingar knytte til den konkrete søknaden den gongen.

Når det gjeld våre vurderingar i forhold til ein betre tilkomst til Åto, visar vi til tidlegare sak frå 2007. Vi vil serleg vise til det som er sagt om seterdrift og beiting:

”Den planlagde vegen vil gi betre tilkomst til ei seter i aktiv drift. Det er i dag berre 4 setrer i drift i Brattefjell-Vindeggen-området og nærområda. For å ta vare på kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet, er det ynskjeleg at seterdrift og beiting kan halde fram. Det vil vere i samsvar med føremålet med landskapsvernområdet. Det er usikkert om seterdrifta vil halde fram dersom tilkomsten ikkje betrast.”

Vi vil og vise til at Naturvernforbundet i Telemark i brev av 06.10.06 til Hjartdal kommune skreiv følgjande:

”Det søkes om å ta ruste opp veien til ”vegklasse 8 (lett traktorveg)” med breidde 2.5 meter slik at ”den blir framkommeleg med ein vanlegjordbrukstraktor”. I en tilsvarende sak fra Liffjell nylig ble det søkt om, og imøtekommet, en enkel opprusting av en sti slik at en firehjuls ”motersykel” (ATV) kunne komme frem. Også her var behovet å få frem utstyr til seterdrift. Vårt syn er at veien Skeie-Åto overhodet ikke bør realiseres, men i tilfelle måtte man i det minste kunne vurdere om en løsning tilsvarende veien på Liffjell kunne være godt nok.”

Noverande søknad gjeld ein veg tilsvarende det som Naturvernforbundet nemner her.

Når det gjeld handsaminga i Direktoratet for naturforvaltning i brev av 02.11.07, er det ein konkret feil. Søknaden, både den gongen og no, gjeld drifteveg fram til øvre Åto og ikkje til Heimnamnlaus og Namnlaus, kfr. kart. På strekninga frå øvre Åto til Namnlaus kjem ein fram utan veg.”

Direktoratet fant grunn til å sjå nærare på saka, og varsla derfor kommunen og tiltakshavarane i brev 29. juni 2009 om at direktoratet ville vurdere å omgjere kommunen sitt vedtak. Det ble vist til tidlegare handsaming, og at direktoratet var usikker på om kommunen sitt vedtak var i tråd med verneforskrifta. Direktoratet bad kommunen om å gi nærare opplysningar om vurderingane som er gjort knytt til behovet for vegen.

Hjartdal kommune svarte i brev 13. juli 2009:

”Når det gjeld vurderingar kommunen har gjort med omsyn til behovet for vegen, vil me vise til det som er sagt i tidlegare sak, handsama her 22.01 og 07.05.2007.

Hjartdal kommune er ikkje usamde med dykk i at det finst alternative måtar for frakt inn til seter som ikkje krev inngrep i terrenget, kfr. dykkar tidlegare vedtak av 02.11.2007.

Me har forstått søkjarane slik at dei ser desse alternativa som lite aktuelle sjølv om dette ikkje går direkte fram av den nye søknaden. Det er elles eit faktum at Skjesvatn i seinare tid har blitt tappa ned mykje meir enn

tidlegare slik at transporten med båt har blitt vanskelegare enn før. Hjartdal kommune har ved vår handsaming av saka lagt vekt på desse synspunkta. Det går elles fram av vedtaket at vegen berre skal nyttast i samband med jord- og skogbruksdrift i området.”

Naturvernforbundet i Telemark påklaga vidare kommunen sitt vedtak 9. juni 2009 i brev 24. juni 2009. I klaga står:

”Naturvernforbundet påklager dette vedtaket. I forrige runde (2006-2007) fremførte vi flere argumenter for hvorfor bygging av vei, eller annen aktivitet for å muliggjøre motorisert ferdsel, ikke burde tillates. Vi påpekte blant annet muligheten for å benytte båt over Skjesvatnet til nødvendig transport.

Etter hva vi kan se har ikke søkerne fremført nye argumenter som skulle tilsi at vi endrer vårt syn, men har i stedet fremmet en revidert søknad som ikke endrer det prinsipielle i denne saken. Vi vil derfor be om at Direktoratet for naturforvaltning omgjør Hjartdal kommunes vedtak NOT-031/09.”

Hjartdal kommune handsama klaga i møte 15. september 2009 og fant å oppretthalde tidlegare vedtak i saka. Kommunen si vurdering er:

”Når det gjeld behovet for veg, visar me til tidlegare opplysningar frå søkjarane. Omfanget av landbruksdrift i området er som nemnt ikkje endra i forhold til det som er oppgjeve før. Det som er endra i den nye søknaden, er standarden på vegen. Denne er endra frå "lett traktorveg" (vegklasse 8 etter normalane for landbruksvegar) til ein drifteveg med breidde 1,5 meter til bruk for ATV eller liknande. Søknaden som handsamast no, gjeld med andre ord ein veg av enklare standard enn det blei søkt om sist. Med bakgrunn i dette, meiner me at den nye søknaden kan vurderast annleis enn tidlegare søknad.

Me visar igjen til det som er sagt frå Naturvernforbundet i Telemark si side i brev av 06.10.06. Dei skriv her at deira syn er at vegen Skeie-Åto ikkje bør realiserast i det heileteke, "men i tilfelle måtte man i det minste kunne vurdere om en løsning tilsvarende veien på Liffjell kunne være godt nok." Naturvernforbundet i Telemark stillar seg dermed ikkje heilt avvisande i forhold til ein drifteveg for bruk med ATV.”

Det blei gjennomført ei synfaring i området 12. oktober 2009 kor tiltakshavarar, kommunen og DN med SNO deltok.

Direktoratet si vurdering

Ettersom Naturvernforbundet har påklaga saka, blir direktoratet si handsaming ei vanleg klagesakshandsaming i tråd med forvaltningslova §§ 28 – 34. Det vil derfor ikkje vere aktuelt å vurdere omgjøring på eget tiltak etter forvaltningslova § 35, som tidlegare varsla i brev frå DN. Direktoratet kan prøve alle sider av saka, jf. forvaltningslova § 34.

Som vist til i tidlegare vedtak, er det etter verneforskrifta for Brattefjell – Vindeggen landskapsvernområde eit forbod mot inngrep som kan påverke landskapet sin art eller karakter, jf. forskrift 15. desember 2000 nr 1492 kap IV pkt. 1.1. Forvaltningsstyresmakta kan likevel, dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet, gi løyve til anlegg av veg i samband med landbruksverksemd dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter er umulig, jf. forskrifta kap. IV pkt 3.3.

Føremålet med vernet er:

- ”- å ta vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogsområde
- å ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv

- å ta vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne”

Direktoratet legg til grunn at den viktigaste næringsverksemda i område er knytt til bruk av området som utmarksbeite. I tillegg blir det produsert noko ost og smør på setra som vegen skal tene som tilgang til. Hovudgrunngevinga har vore at det er behov for å frakte inn mjølkemaskin og strømaggregat i samband med denne produksjonen. Direktoratet legg vidare til grunn at det er fleire grunneigare i området som kan ha nytte av vegen i samband med utmarksbeite. Etersom dyra sjølv går inn i området, er vegen aktuell fyrst og fremst for persontransport i samband med tilsyn av dyra. I tillegg er det vist til at veg vil kunne gjere det enklare å få frakta ut hogst på vinterføre, ettersom det blir ein rydda trase som vil gjere det enklare å nytte snøscooter på vinterstid.

Direktoratet har gjort ei ny vurdering av saka sidan handsaminga av saka i november 2007. I samband med dette blei området synfart, med sikte på å få ein dialog med tiltakshavarar og få sett nærare kor store inngrep i terrenget som er naudsynt for å etablere ein ATV-trase. Synfaringa viste at det over enkelt strekk kan vere tilstrekkeleg med rydding av stein og hogst av trær. I andre deler av området krev etablering av trase større inngrep, som mellom anna graving og påfylling av masse for å planere ut terreng som i dag er for bratt for tilkomst med ATV. I enkelt avgrensa område går også strekninga over myr, som inneber særskilte utfordringar for å sikre eit kjørbart spor utan at store delar av myra blir øydelagt. Inngrep som grøfing/drenering vil truleg vere naudsynt her og det kan og kome ønskje om pålegging av dekke dersom kjøringa skulle bli omfattande.

Traseen vil ikkje bli særleg synleg på avstand, ettersom den hovudsakleg går i skogen. Disse inngrepa vil likevel endre karakteren på området på staden der traseen skal gå. Verneformålet er mellom anna knytt til bevaring av eit naturlandskap med ”urørt” fjellskogområde. Aktuelt området er eit naturområde utan særlege inngrep, utover at det er ein synleg ”drifteveg”/sti på deler av strekninga. Tiltettelegging for motorferdsel inneber ei endring av karakteren til området, særleg på dei strekka der ein må gjere større inngrep.

Direktoratet vil og peike på at etter motorferdsellova er det ikkje anledning til å nytte terrengmotorsykkel for sanking og tilsyn av sau, jf. rundskriv T-1/96. Ein trase for ATV er å rekne som utmark etter lova, jf. § 2 tredje ledd.

Saka i Lifjell har ikkje overføringsverdi for saka her ettersom denne gjaldt eit område som ikkje er verna etter naturvernlova, og difor ikkje har særskilte reglar om bevaring av natur- og kulturlandskap.

Etter verneforskrifta kan løyve gis når frakt på vinterføre eller bruk av helikopter er umulig. Direktoratet meiner fortsett det er mogleg å bruke snøscooter for frakt, og det er heller ikkje tilbakevist av kommunen. Direktoratet finn at det forhold at dette er meir tungvint/kostbart, ikkje er tilstrekkeleg for å kunne gi løyve til tiltaket. Det vil i ein rekke verna områder kunne vere ønskjeleg å gjere område meir tilgjengeleg gjennom etablering av tilsvarande trasear for å gjere ei verksemd enklare. Det er i denne samanheng relevant å sjå hen til naturmangfaldlova § 12. Det er her angitt at ”for å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater”. I forarbeida til regelen er det sagt at det er den løysningen som etter ei samla vurdering gir de beste samfunnsmessige resultat, som skal veljast. Dette kan bety at økonomiske forhold i enkelte saker vil veie tyngre enn omsynet til naturmangfoldet, men generelt bør den løysinga som er best for naturen veljast.

Direktoratet finn at dei argumenta som er fremma for å få løyve til en ATV-trase heller ikkje er tilstrekkeleg tungtvegande tatt i betraktning det inngrepet dette vil føre til. Etter ei samla vurdering har direktoratet difor kome til at klagen tas til følgje og kommunen sitt vedtak verte oppheva.

V e d t a k

Klagen tas til følgje. Direktoratet for naturforvaltning opphever Hjartdal kommune sitt vedtak 9. juni 2009 og tillet ikkje bygging av ATV-trase frå Skeie til Åto i Brattefjell – Vindeggen landskapsvernområde.

Direktoratet sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast vidare etter forvaltningslova.

Med helsing

Berit Lein
Direktør Arealforvaltningsavdelinga

Olav Nord-Varhaug

Kopi til:

Hjartdal kommune	3692	Sauland
Olav S. Nordbø	3690	HJARTDAL
Fylkesmannen i Telemark Statens hus	3708	Skien
SNO Skinnarbu	3660	RJUKAN